



Søknad om midlar til skulefrukost ved Os vgs

Os vgs søker om midlar til å innføre gratis skulefrukost til våre elevar. Skulen vår har 480 elevar og omkring **100 hybelbuarar**. Våre **gjennomsnittlege inntakspoeng** er i følge vår administrative leiar, Inga Thordardottir, 32.03 for 168 elevar på VG1. Vi har, tradisjonelt sett, lave inntakspoeng på ein rekke avdelingar ved skulen. Vi har helse og oppvekstfag, bygg – og anlegg, sal og service, teknisk og industriell produksjon, elektro, HT-grupper og ein rekke VG2 fag – både lokale tilbod og landslinjer. I tillegg har vi tre VG3 linjer.

Ein rekke av elevane våre startar skulen klokka 08.00 og fleire av elevane går til fyrste undervisningstime utan å ha spist frukost. Det vil økt læringsutbytte deira dersom dei fekk eit tilbod om frukost og ein sunn start på dagen. Vi er i også ein yrkesfagleg skule og elevane driv fysisk arbeid innanfor spesielt bygg og anlegg og verkstad, frå klokka 08.00. I vår **utviklingsplan for 2016-2018** er eitt av fire nye hovudområde nettopp *helsefremjande læringsmiljø* med fokus på livsmeistring, trivsel for hybelbuarar, sunn mat i kantinen og god fysisk helse.

Vi ynskjer å tilby våre elevar frukost tre dagar i veka; **måndagar, onsdagar og fredagar**. Det utgjer **114 skuledagar** for skuleåret 2017/2018. Vi har ein kantine på skulen som allereie kan tilby elevar ein «frukostpakke» til 20 kr. Det inkluderer grovbrød, grønsaker og sunn mat. Vårt forslag er at vi ønsker å tilby elevane våre noko liknande tre dagar i veka gjennom eit «**felles frukostbord**» i kantina. Vi har prøvd å undersøke saka blant elevane, om deira interesse for å få ein slik frukostpakke av skulen og fylket, og dei er positive. Elevrådet vårt hadde gratis skulefrukost oppe som sak ved førre elevrådsmøte og det er eitt av fleire satsingsområde ved skulen vår. Vi trur det ville kunne ha hatt ein god effekt på skulemiljøet vårt.

Sjølv om vi har 480 elevar ved vår skule, vil fleira av dem være i praksisutplassering ved dei aktuelle tidspunkta og vi trur at vi kan sette opp et budsjett kor ein tar utgangspunkt i et tilbod til **200 elevar kvar dag**. På måndagar og onsdagar vil 45-60 elevar være utplassert i praksis og annankvar fredag er 60-75 elevar ute i praksis eller avspaserer grunna tidleg skulestart på landslinja vår. Vi har ikkje stort fråvær ved skulen, men det vil også være elevar borte frå skulen grunna sjukdom. I tillegg har vi, som alle andre skular, elevar som får ein sunn og god frukost i heimen sin før dei drar på skulen. Vi trur at eit tilbod til 200 elevar vil være nok på skulen vår som utgangspunkt, men vi kan auke talet dersom fylket vil finansiere tilbodet vi gir elevane våre.

Vi skal ha ein fleksibel avtale med kantina slik at vi kan justera opp og ned talet på tilbodet ut i frå kor mange elevar som er på skulen til ein kvar tid. Mata som ikkje blir henta frå klokka 0745-0845 tre dagar i veka, ønsker vi å tilby til elevar på eit anna tidspunkt i løpet av skulekvardagen. Vi har til dømes ein heil del kurs – sikkerheitskurs, ADK, truck og anna – som finn sted etter skuletid og elevar kunna da fått tilbod om ein skive og noko grønt for å holde læringsnivået oppe.

Elevar	Stykkpris	Pris per dag	Totalsum på 114 dagar
200	20kr	4000kr	456 000kr

Skulen søker fylket om desse midlane (456 00kr) og er villig til å auka tilbodet til elevane (både talet på elevar og variasjon på eit felles frukostbord) ut i frå midlane vi blir tildelt. Dersom skulen blir tildelt heile summen på 456 000kr, er skulen villig til å innføre et tilbod som dekker 300 elevar eller eventuelt auka pris per elev / talet på dagar.

Vår eigenandel kan vanskeleg overstige 150.000kr.

Vi ønsker å innføre skulefrukost ved Os vgs, men vi har et behov for å få tildelt midlar frå HFK og innan rimeleg tid informasjon om kor store midlane er – før vi kan planleggje eit konkret tilbod til elevane (talet på elevar, talet på dagar og stykkpris). Vi er særst positive til eit slikt tilbod og trur at det ville kunne utgjort ein forskjell for fleire av elevane våre.


Mvh

Harald Natvik
Elevinspektør Os vgs



Os, 14.feb 2017

Johan Henrik Lassen
Rektor, Os vgs



Os, 14.feb 2017